

PRAKTISK BISTAND – DAGLEGE GJEREMÅL

1. FORMÅL:

Heimehjelp og praktisk bistand vert gitt til personar som er heilt avhengig av hjelp til praktiske gjeremål i kvardagen for å bidra til at den einskilde kan leve og bu sjølvstendig.

2. LOVGRUNNLAG:

Praktisk bistand vert gitt etter enkeltvedtak jfr;

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester §3-1, § 3-2 pkt. 6a.
- Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1a.
- Arbeidsmiljøloven

3. MÅLGRUPPE:

Personar som treng hjelp for å kunne bu heime på grunn av funksjonssvikt og - eller sjukdom.

4. KVALITETSMÅL:

Hjelpe skal vere føreseieleg og tilretteleggast best mogleg ut frå individuelle behovsluk at:

- Brukar opplever at det aukar moglegheita for å ha eit mest mogleg normalt liv.
- Brukar er sikra hjelp til å få utført/opplæring i praktiske oppgåver.

5. KRITERIER FOR TILDELING:

Tenesta vert gitt etter kartlegging og vedtak.
Nedsett funksjonsevne.

6. TENESTETILBOD / OMFANG:

Praktisk bistand omfattar:

- reingjering av golv som er i daglig bruk, dvs. bad, toalett, kjøkken, soverom, stove og gang
- skifte av sengetøy
- vask av klede i vaskemaskin, evt. oppheng av klede på innvendige stativ
- hjelpe til og bestilling varer, evt. innkjøp av matvarer i næraste butikk om det ikkje er tilbod om varelevering
- opplæring/retteleiing i bruk av elektrisk utstyr, husarbeid, og kjøp av personleg utstyr.

Tenesta omfattar normalt ikkje:

- Stovvask, kjellar- og loftsrydding
- Gardinvask, pussing av sølv, kobbar og messing
- Vask av glasaruter
- Stryking/rulling av kler/dukar, samt reparasjon av tøy
- Reingjering av rom som ikkje er i bruk
- Lage i stand til selskap, samt rydde og vaske opp etter besøk

- Riste tunge tepper/ryer
- Flytte tunge møbler, samt vask av altan/terrasse
- Støvsuging av møbler
- Støvtørking av pyntegenstander og hyller
- Stell av husdyr

Tenestemråde skal gje melding dersom hjelpa ikkje kan utførast til avtalt tid. Tenesta vert ikkje gitt på offentlege helg og høgtidsdagar. Tenesta ein skulle hatt desse dagane fell bort.

7. PASIENT / PÅRØRANDE SITT ANSVAR:

Mottakar av praktisk bistand har ansvar for:

- Nødvendig reingjeringsutstyr
- Vere til stade når arbeidet vert utført.”
- Heimen må vere klargjort, for å få utført arbeidet
- Melde frå dersom ein er bortreist
- Viss det blir røykt i heimen skal det luftast før arbeidet blir utført.

8. PRIS:

Satsane for eigenbetaling for praktisk bistand vert fatta av kommunestyret. Gjeldande kommunale betalingsssatsar vert justert 1 jan kvart år. Ein finn sats for eigenbetaling på kommunens heimeside under Tenester, skattar og avgifter, kommunale betalingsssatsar.

9. SØKNAD:

Søknad sendes til Tenestekontoret, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen. Søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside www.fusa.kommune.no. Evt kan ein ringje Tenestekontoret 56580170 for søknadsskjema, evt hjelp til søknad. Det er ikkje søknadsfrist for praktisk bistand. Skriftleg vedtak på tenesta skal føreliggje seinast fire veke etter søknad.

10. KLAGE:

Vedtaket kan etter Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2 påklagast. Ei eventuell klage skal sendast til Tenestekontoret, Postboks 24 5649 Eikelandsosen innan fire veker etter vedtak. I klagen skal du skriva kva du ønskjer å endra i vedtaket, og grunngi dette. Du kan få rettleiing av den som har behandla saka i samband med klagen. Klagen vert fyrst vurdert av den som har fatta vedtaket. Dette for å vurdere om det er grunn til å endre på det. Dersom vedtaket vert oppretthalde, vert saka sendt til Fylkesmannen for vurdering. Søkjar har som hovudregel rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. Forvaltningslova § 18.